



Saksprotokoll

Organ: Hovudutval for kultur

Møtedato: 27.05.2014

Sak nr.: 14/2595-5

Internt l.nr.: 16858/14

Sak: 33/14

Tittel: **Organisering av musea - evaluering Rapport frå Norsk Kulturråd**

Behandling:

Frå fylkesdirektøren låg det føre slik tilråding til vedtak:

Fylkesdirektøren rår hovudutval for kultur til å gjere slikt vedtak:

1. Evalueringsrapporten frå Norsk Kulturråd om organisering av museum vert teken til vitande.
2. Fylkeskommunale forventningar til Musea i Sogn og Fjordane vert formidla gjennom rådsmøte, i eigne dialogmøte mellom Musea i Sogn og Fjordane og fylkeskommunen, og i dei årlege tilskotsbrev.
3. Fylkeskommunen vil i 2014/2015 ha fokus på Musea i Sogn og Fjordane sitt arbeid med å følge opp dei funna som kjem fram i evalueringsrapporten.

Endringsframlegg:

Senterpartiet sette fram slikt framlegg til tillegg under pkt 3, 1. setning:

Hovudutvalet er bekymra for at utfordringane i rapporten ikkje synest å vere teke tilstrekkeleg tak i.

Avrøysting:

Framlegg frå Senterpartiet vart samrøystes vedteke.

Tilrådinga frå Fylkesdirektøren med vedteken endring vart samrøystes vedteke.

Dette gir følgjande endeleg vedtak:

1. Evalueringsrapporten frå Norsk Kulturråd om organisering av museum vert teken til vitande.
2. Fylkeskommunale forventningar til Musea i Sogn og Fjordane vert formidla gjennom rådsmøte, i eigne dialogmøte mellom Musea i Sogn og Fjordane og fylkeskommunen, og i dei årlege tilskotsbrev.

-
-
3. Hovudutvalet er bekymra for at utfordringane i evalueringsrapporten ikkje synest å vere teke tilstrekkeleg tak i. Fylkeskommunen vil i 2014/2015 ha fokus på Musea i Sogn og Fjordane sitt arbeid med å følgje opp funna i rapporten.